



Oskar, Kristian og Johan Bringedal gjer dei siste førebuingane til Nordlandsturen.dagen før reisa starta. (Foto: Torfinn Myklebust).

Søndag starta Johan Bringedal og sonen Oskar og Kristian Bringedal bilturen nordover frå Uskedalen til Lurøy kommune i Nordland. På turen dit vil dei sikkert leggja bak seg 12-1300 kilometer, kanskje meir.Men så vil dei finna tunet oldemora Ivertine kom frå.



Konsvik i Lurøy like sør for Polarsirkelen sett frå Hurtigruten ein regnversdag for halvannen veke sidan. (Foto: Torfinn Myklebust)

Dei tre Bringedalsslektningane ønskjer å sjå og finna meir ut av staden der oldemora og tippoldemora, Ivertine Anker Nilssatter, kom frå i Lurøy, like sør for Polarsirkelen.

Johan Bringedal og sonen Oskar bur i dag i Stavanger, men har hus i Uskedalen og er her ofte.

Johan er elektrikar og starta og har drive Bringedal Elektro i Stavanger. Bedrifta er i dag overteken av ein av sønene, Per, og Oskar, som er med på turen, arbeider som elekromontør hos broren. Det er kring 15 tilsette i verksemda.

Jekteskipper nordover

Oldefar til søskenbarna Johan og Kristian og tippoldefar til Oskar heitte Ole Samsonsens Bringedal. Han var jekteskipper og bøkker. Han reiste i nordlandsfart og møtte Ivertine truleg i 1875. Ho budde då på husmannsplassen Konsvik på Helgelandskysten. Dei gifte seg alt året etter og flytte til Kvinnherad. Sjølv kom aldri Ivertine tilbake til Konsvik.

Ivertine og Ole budde på plassen Flåto under Tveit i Bringedalsbygda her far hans, Samson Olsson Musland kom til i 1867. Dei tok gardsnamnet Bringedal og såleis kjem Bringedalsnamnet til Uskedalen då familien flytta dit.

Ivertine og Ole Samsonsens kjøper så bruksnummer ni på Myklebust i Uskedalen i 1885, og bur der resten av livet. Seinare har så fedrene, dei to brørne Olav og Oskar, fedrene til Johan og Kristian, vakse opp der.

Gler seg

Dei tre, Johan, Oskar og Kristian, har lenge tenkt å ta denne turen - finna ut kor slektningen deira, Ivertine, kom frå. Først vil dei vitja heimstaden til foreldra hennar, Luktvik og Sannes i Hemnes kommune, litt lengre sør på Helgeland. Det var derifrå dei flytta til Lurøy som vart fødestaden til Ivertine.

Kristian Bringedal har gjort eit grundig førearbeid for slektgranskningsturen. Dei har oppnådd kontaktar i både kommuneadministrasjonen og elles, så dei får sikkert også hjelp når dei kjem nordpå.

Dei vil vitja Konsvik. Plassen på fastlandssida av Lurøy kommune, like sør før Polarsirkelen som går over den kjente øya og fjellet Hestmannen, som delvis ligg i Lurøy.

Utanom å bu i rorbu på fastlandssida, vil dei vitja sjølve Lurøya med administrasjonsstaden Lurøy. Dei vil så ta hurtigbåten til Træna kommune med sine mange øyar. Træna er ein av Norges minste kommunar med knappe 500 menneske. Lurøy kommune har knappe 2000 menneske og er 264 kvadratmeter stor.

Og etter ein truleg eventyrlig slektgranskningstur tar dei Hurtigruten frå Nesna til Bergen, ein cruisetur på tre dagar. Til det gler dei seg, men endå meir til å finna og sjå kor olde- og tippoldemor kom frå.

Av Torfinn Myklebust